

Ivar Aasen 1813–2013, s. 15–34

SPRÅKNYTT

UTGITT AV SPRÅKRÅDET

41. ÅRGANG 2/2013

- Intervju med Per Egil Hegge, s. 6
- Ivar Aasens språkprogram, s. 15
- Var Aasen en politisk dikter?, s. 20
- Aasen som ordsamler og målføregransker, s. 23

Språkrådet



Ivar Aasen 200 år

Dikter var han, og språkforsker. Ikke minst var han det vi i dag ville kalt en feltlingvist: Han vandret rundt «i felten», fra bygd til bygd, og dokumenterte norske dialekter. På dette brede kunnskapsgrunnlaget, og med et blikk på språkhistorien, skapte han så et helt nytt skriftspråk, landsmål.

Gjennom flere av artiklene i dette nummeret av Språknytt kan du bli bedre kjent med Ivar Aasen. Han ble født i Ørsta den 5. august 1813, og vi feirer han i hele Språkåret 2013. Landsmål ble senere omdøpt til nynorsk og er den ene av de to offisielle norske målformene, eller skriftspråkene. Mye har vært sagt og ment om den norske språksituasjonen fra Ivar Aasens dager og fram til i dag, ikke minst om det konkurransepregede forholdet mellom bokmål og nynorsk.

For min del vil jeg benytte denne anledningen ved 200-årsjubileet for Ivar Aasens fødsel til å framheve

det positive ved den uvanlige språksituasjonen vi har i landet vårt, der vi kan velge mellom to skriftspråk som begge på sitt vis representerer det norske talespråket. Dette at vi må velge mellom bokmål og nynorsk når vi skal skrive en tekst, minner oss om at språket vårt ikke avspeiler virkeligheten rundt oss på en objektiv måte. Tvert imot er språket et mangfoldig kulturprodukt. Når vi velger én målform, formulering eller bøyingsform framfor en annen, sier det noe om hvem vi er eller ønsker å framstå som.

Skummelt? Nei da. Det er sånn språk er. Og arven etter Aasen hjelper oss å innse det.

God lesning!

INNHold 2/2013

■ AKTUELT

- 6 Intervjuet
- 10 Språknytt 40 år

■ INNSIKT

- 15 Språkprogram som retorisk øving
- 20 Ivar Aasen – ein politisk diktar?
- 23 Ivar Aasen og norsk målføregransking
- 26 Aasen på alle kanter
- 29 Originale Aasen
- 32 Aasens målbunad

Har du et spørsmål som du vil at vi skal ta opp i denne spalten, kan du sende oss en e-post. Adressen er: sporsmal@sprakradet.no. Skriv «Leserspørsmål» i emnefeltet.



Spørsmål: Kva er definisjonen og den historiske forklaringa på ordet *dugnad*? Stemmer det at *dugnad* ikkje finst på andre språk?

Svar: *Dugnad* er ifølgje *Nynorskordboka* «(samkome med) felles, gratis innsats for å gjere eit arbeid». Ordet kjem frå norrønt *dugnaðr* og tyder 'hjelp'. Det er i slekt med *duge* i tydinga 'hjelp' (norrønt *duga*), som igjen er i slekt med *dyd* (norrønt *dygd*) og *dyktig*.

I dialektane finst det mange variantar av ordet, både i form og innhald, f.eks. *dugning*, *dovning*, *dogna*, *dona*, *dunad*, *davna*, *donning*, *dømning* og *dunning*. I eldre tid kunne ordet også tyde 'dugnads-gilde', 'gjestebod etter dugnads-arbeidet'.

Andre språk bruker andre uttrykksmåtar, som svensk *kollektiv arbeidsinnsats* og liknande. På engelsk blir blant anna *voluntary work* brukt, på tysk *Gemeinschaftsarbeit* og på fransk *travail de groupe*.

Spørsmål: Stemmer det at ordet *helse* kommer fra norrønt *heill* i betydningen 'hel', og har *heil* noe med det tyske ordet *Heilkunde* ('medisin, legevitenenskap') å gjøre? Eller har det sammenheng med dødsriket Hel?

Svar: *Helse* (norrønt *heilsa*) er beslektet med *hell* (norrønt *heill*) i betydningen 'varsel, lykke', som

igjen er beslektet med *hel* (norrønt *heill*) i betydningen 'hel', 'uskadd'. Det tyske adjektivet *heil* betyr 'hel', 'uskadd', 'helbredet', og det tyske substantivet *Heil* betyr 'frelse' og 'lykke, helse'. Det er med andre ord koblinger mellom helse og lykke på både (gammel)norsk og tysk. *Helse* har ikke med det norrøne dødsriket Hel å gjøre.

Spørsmål: Regnes det som riktig å skrive «en jente» og «jenta» i samme tekst?

Svar: Man kan bruke alle disse kombinasjonene: *ei jente – jenta / en jente – jenta / en jente – jenten*. Norsk har grammatisk hunkjønn, dansk har det ikke. Bokmålet er resultat av en gradvis fornorsking av dansk skriftspråk, som var enerådende i Norge i flere hundre år.

Kombinasjonen *en jente – jenten* følger et mønster som egentlig stammer fra dansk (men som også finnes i bergensdialekten). Da a-formene (som *jenta*) ble innført i bokmål på 1900-tallet, slo det etter hvert helt igjennom. Hunkjønnsartikkelen «ei» ble også tillatt, men har aldri slått like sterkt igjennom. Det ble etter hvert vanlig å kombinere *en jente* og *jenta*, og dette er altså tillatt. *Jenten* var lenge sideform i bokmål, men ble likestilt med *jenta* i rettskrivingsreformen i 2005.

Spørsmål: Kvifor seier vi *teikne med raudt* i staden for *teikne med raudt*? Vi seier jo også *smørje med blått*.

Svar: Om du søker i *Nynorskordboka* på *raudt*, ser du at ordet er eit substantiv. Det same gjeld *blått*, *gult* osv. Dermed er det vanleg (og rett) å seie eller skrive *teikne med raudt*, underforstått 'fargen som er raud'. Det er altså substantivet vi bruker i samanhengar som *vere kledd i raudt*, *ha raudt på leppene*, *sjå raudt* osv. Vi skriv (og seier): *Blått er ein pen farge* og altså *smørje med blått* (underforstått 'blå skismurning'). *Raud*, *blå*, *gul* osv. er adjektiv, f.eks. *fargen er raud*, *teikne med raud fargestift*, *vere kledd i raud kjole*.

Spørsmål: I en reklame brukes uttrykksmåten *dobbelt så billig*. Er det riktig språkbruk?

Svar: *Dobbelt så billig* minner om *dobbelt så liten*, og slik ville vel de færreste ha uttrykt seg. Det riktige ville være å bruke *til halv pris* eller lignende.

Det er noe i betydningen av *dobbelt* som kolliderer med noe i betydningen av *billig*. Det første ordet angir en mengde som har økt, det andre en egenskap som det blir mer av jo lavere (mindre) omfanget (prisen) er, så å si.

I *Bokmålsordboka* er *dobbel* og *dobbelt* forklart som 'to ganger så mye'. Blant eksemplene finner vi *en dobbel/dobbelt glede* og *gjøre dobbelt arbeid*. Som adverb: *få dobbelt opp av noe*, *dobbelt så stor*, *dobbelt så dyr*, *dobbelt så mye*. Forsterkende bruk: *dobbelt*

ergerlig. Substantivisk bruk: *øk masketallet til det dobbelte*. Blant eksemplene er altså *dobbelt så dyr*, men nettopp ikke *dobbelt så billig*.

Spørsmål: Heiter det *gå inn i rommet* eller *gå inn på rommet*?

Svar: Seier nokon *gå inn på rommet*, vil nok mange oppfatte det som om det gjeld eit barn som blir bede om å gå inn på rommet sitt. *Gå inn i rommet* er meir generelt eller reint beskrivande og seier ikkje noko om kva slags rom det er tale om.

Preposisjonen *på* blir ofte brukt framfor nemningar for det ein kan kalle funksjonsrom, rom som er meinte for eit bestemt slags bruk (det heiter for eksempel *på kjøkkenet*, *på soverommet*, *på toalettet*).

Spørsmål: På sosiale medier brukes ofte ordet *gledes*. For eksempel: «I helga skal vi på hytta. Gledes!» Hva slags ord er det?

Svar: *Gledes* er en mulig passivform av verbet *glede*. Uttrykket «Det glædes» brukes i Trøndelag og kanskje også i andre dialekter, så det kan stamme derfra. Men den bruksmåten du har sett, er ikke etablert i norsk skriftspråk.

Det kan også være en påvirkning fra dansk, der «glædes» kan brukes om det å være glad. Men på dansk brukes det stort sett som et synonym til «å glede seg (til noe)» og ikke til «det gleder meg», jamfør for eksempel et brev fra H.C. Andersen: «Ihvor inderligt jeg glædes til at leve sammen med Dig, saa ønsker jeg dog, at Du ikke kom hjem.»

Når et ord er ført opp i denne spalten, betyr det bare at vi har registrert at det er i bruk. Det betyr ikke at Språkrådet går god for ordet. Dersom vi tilrår eller rår fra å bruke et ord, vil vi nevne det uttrykkelig.

brunostbrann Tunnel stengt etter brunostbrann. [...] Det var torsdag kveld at føreren av et vogntog på tur sørover, oppdaget brann i hengeren sin på tur gjennom Brattlitunnelen på riksvei 827 litt nord for Kjøpsvik. Hengeren var lastet med 27 tonn brunost.

Avisa Nordland 19.1.2013

instahets På formiddagen utspilte det seg kaotiske scener utenfor Plusgymnasiet i Göteborg, med ungdommer som kastet steiner, murstein og flasker etter politiet. [...] Instahets: Grunnen til opprøyene er at det mandag ble opprettet en Instagram-konto hvor en elev la ut krenkende kommentarer og bilder stjålet fra blant annet Facebook og Twitter.

Dagbladet.no 21.12.2012

kontekstkollaps Bruker du sosiale medier for å sjekke ut søkere til nye stillinger? Det kan hende du ikke skal tro alt du leser. Det kan hende du er offer for – intet mindre enn – en kontekstkollaps. [...] «Vi glemmer lett konteksten i forhold til det vi leser og ser på Facebook og andre nettsteder», sier [medieviter Ida Aalen] i et intervju med HR Norge. «Når folk uttrykker seg i slike medier, snakker de til en tenkt undergruppe av sine venner eller følgere. Når vi andre som ikke er en del av den undergruppa leser det, er det revet ut av sin egentlige sammenheng.»

HRNorge.no 13.2.2013

mediekåting Nå påstår eg ikkje at det er så lett å vere kulturelite heller. Det er nok heller trongt om plassen, til og med

på ståplassane aller lengst bak, der vi ser nokre skremde B- og C-kjendisar (for det meste musikarar og forfattarar) strekkje hals – godt utanfor den eigentlege manesjen. For ikkje å snakke om dei få sitjeplassane inne på redaktørkontora og i dei tilstøytande båsane fylte av journalistar, ministrarar og andre mediekåtingar.

Syn og Segn 4/2012

snikskryting Som småbarnsfar kan jeg selvsagt ikke huske sist jeg var på kino, og er dermed utestengt fra all filmrelatert, kredibilitetsfremmende snikskryting rundt kaffemaskinen på jobben. I helgen er det imidlertid et skippertak, måtte det blitt nå i helgen, når alle de nominerte til Nordisk Råds filmpris vises på Cinemateket. Da kan jeg med en verdensvant mine bestille en kopp wiener melange på mandag og si noe sånt som: «Jo, da. Kompani Orheim er sterk den, altså, for all del. Kanskje kan den nå helt opp. Men Ruben Østlunds Play tok pusten fra meg. For ikke å snakke om Jukka Kärkkäinens Punk syndrom! Har dere sett den? HÆ?!?»

Aftenposten 28.9.2012

spytthette Nå lanserer Politiets data- og materieltjeneste (PDMT) en spytthette til bruk mot personer som av ulike årsaker synes spyting er passende atferd i kontakt med politiet. Og dem er det mange av: Ukentlig utsettes politifolk for denne type forulemping. Det vil mest sannsynlig skje alle i vakt- og beredskap – før eller siden.

Politiforum 15.2.2013

Språket vårt, hans og sitt




Foto: Kristin Svorte

Per Egil Hegge svarer støtt på spørsmål om det norske språk og sier gjerne sin mening om ordbruken i det offentlige rom. Hans daglige spalte «Språket vårt» har stått på trykk i Aftenposten i over ni år. Der oppklarer han mellom mye annet forskjellen på å elske sin og hans kone.

■ ERLEND LØNNUM

Den språkmektige, stilsikre og skeptiske trønderen har i de senere år nådd nye høyder med en språkspalte som oppstod nærmest ved en inkurie. Den ble egentlig laget til intern bruk i Aftenposten, der Hegge var ansatt som journalist og redaktør i over 40 år. Men

så kom det en sjefredaktør som ville det annerledes.

Spaltet spaltist

– Jeg syntes det var en dårlig idé å publisere språkrådene i morgenavisen, men så insisterte den nye sjefen på at

dette måtte på trykk. Og i løpet av en uke var livet mitt forandret, på godt og vondt. Oppmerksomheten var faktisk så intens at jeg måtte gå omveier i bakgater for å komme meg på jobb, forteller den profilerte presse mannen, som hver dag besvarer mellom 30 og 50 henvendelser fra ivrige lesere. Han merket godt at det var klarvær i påsken, for det ble en befriende stille uke. – Hvis det blir tåke i påsken, er derimot postkassen full. Så språkrøkten fungerer som en slags indirekte værrapport, humrer Hegge.

– Interessen for språk er en del av tidsånden, ikke bare i Norge. Det samme har skjedd i Sverige, Danmark, England og Tyskland, slår Hegge fast. Han viser

blant annet til Jørn Lunds faste spalte i den danske avisen Politiken og til Bastian Sicks artikler i det tyske Spiegel-Magazin. Det sier vel det meste at Sick klarte å samle 15 000 mennesker på et ishockeystadion i Köln for syv år siden. Det neste blir vel at Hegge fyller Jordal Amfi med språktilbedere.

Korrekturlesing for fall

Per Egil Hegge er en institusjon i pressemiljøet. Han har i en mannsalder fulgt makteliten med argusøyne både i Norge, Russland og USA og gått det norske avispråket etter i sømmene.

– Den store tabben var at korrekturleserne ble sendt hjem da siviløkonomene gjorde sin innmarsj i avisredak-

sjonene og bad journalistene rette sine egne feil mens de skrev. Men det forutsetter at man behersker språket meget godt, ikke minst under tidspress, og at man faktisk oppdager sine egne feil. Og det gjør man ikke, sukker den durkdrevne språkrøkten.

– Korrekturleserne var en spesiell rase. De kunne ikke bare et utmerket norsk, men hadde en enorm realkunnskap som gjorde at de kunne avsløre både språkbommerter og faktafeil. Vi må huske på at selv Dostojevskij og Tolstoj, som kunne skrive godt, gikk

surr i navnene på sine egne romanfigurer. Da sier det seg selv at vi trenger våkne korrekturlesere.

Er det så nøye?

«Hvis det er så bra, hvorfor er det da så dårlig?» skal Nikita Khrusjtsjov ha sagt. Det samme gjelder manges oppfatning av egne språkevner, skal vi tro Hegge.

– Jeg har møtt altfor mange journalister som ikke har noe begrep om hvor viktig språk er. Spesielt de som kommer direkte fra journalisthøyskolene, spør stadig: Er det så nøye, da? Ja, svarer jeg hver gang, kanskje med litt for høy røst. Dårlig språk undergraver nemlig tilliten vår, hevder Hegge, idet han en passant trekker frem den engelske oversettelsen av *Mein Kampf*.

– Oversetteren tilgav aldri seg selv for at han rettet opp teksten til det bedre, men som fagmann kunne han ikke

● ● PER EGIL HEGGE

Per Egil Hegge har vært journalist, redaktør og korrespondent i Aftenposten. Han har skrevet biografier og bøker om politikk, medisin og språk.

● ● «Interessen for språk er en del av tidsånden.»

«Den store tabben var å sende korrekturleserne hjem.»

la Hitlers dårlige språk passere. Og det som da ble borte, var signalene om at dette er en farlig mann. Med andre ord: «Korrekt språk er et tegn på moralsk klarhet og redelighet», for å sitere språkprofessor Claudio Magris.

Jomfru Maria og Putin

Godt språk handler ikke bare om korrekt språkbruk, men også om riktig stilnivå. Og det er ingen mangel ved en tekst at den er forståelig, slik Hegge sier på sitt typisk tørre vis.

– Det er et sterkt varsel at man får en rød strek under ordet *stilnivå* på datamaskinen. Det har tross alt betydning om man sier at jomfru Maria var fruktsommelig, eller at hun var på tjukken, selv om det fysiologisk er det samme. Juleevangeliet blir ikke helt det samme i den siste versjonen.

Kravet til godt språk varierer dessuten fra sted til sted. Nordmenn kan gjerne spørre seg om det var de uheldige utsagnene som gjorde at Jagland tapte valget i 1997, mens briter og russere uansett er strengere dommere på dette feltet.

– Churchill ville aldri ha blitt den skikkelsen han ble, hvis han ikke hadde hatt dette fantastiske herredømmet

og Medvedev, som har juristutdanning fra et av verdens beste universiteter i gamle Leningrad, og som snakker et konsist og klart russisk, forklarer den tidligere korrespondenten i Moskva, London og Washington.

Vegring og vrangvilje

Ledelsen i Aftenposten har så lenge Hegge kan huske, diskutert om journalistene skal tillates å skrive artikler på nynorsk. Selv flagger han ikke noe syn på avisens språkvalg.

– Det er forbløffende mange som vegrer seg mot å lese nynorsk, og det stinker av vrangvilje, innrømmer Hegge, som også har en fast spalte i ukeavisen Dag og tid, skrevet på et prikkfritt nynorsk.

– Nynorskens tragedie er at den ikke fikk fotfeste i byene. Urbaniseringen kom i veien for målformens utvikling. Så til tross for at det var en målmann som i sin tid startet Dagbladet, var det uaktuelt å skrive på landsmål, selv om det hadde vært mulig. Undersøkelser viser dessverre at det er langt lavere lesertall på nynorskartikler. Det henger kanskje sammen med at mange har dårlige opplevelser fra nynorskundervisningen.

«Det er et sterkt varsel at man får en rød strek under ordet *stilnivå* på datamaskinen.»

over språket sitt. Tilsvarende fikk ikke Gorbatsjov den samme statusen, fordi han snakket for slurvete. Blant russere var han aldri hel ved. Da er det i språklig forstand annerledes med både Putin

Ved en anledning ble Hegge bedt om å holde tale for den eksklusive herreklubben Norske Selskab på deres årlige mortensgåsmiddag.

– Det skulle gjerne være en litt fleipete

og morsom tale, så jeg valgte å holde den på nynorsk for å slippe å bli invitert igjen. Det ble tungt for enkelte, for selskapet er ikke akkurat målrørs-las bastion. Men de fleste tok det med godt humør, minnes Hegge.

Nyansert norsk

Rundt en halv million innvandrere prøver i dag å lære norsk. De spør gjerne hvorfor det er slik og sånn, og det gjør oss mer bevisste på vårt eget språk.

– Norsk er et vanskelig, merkelig, nyansert og egentlig ganske presist språk, selv om det ikke har ord på seg for å være det. For eksempel er «Du er klovn» en yrkesangivelse, mens «Du er en klovn» er en fornærmelse som i

hadde han en moster i Sverige som sendte ham bøker på svensk, så han tidlig ble fortrolig med nabo-språket.

Hegge mener at nabo-språkforståelsen og aksepten for dialekter er en styrke ved den norske språksituasjonen.

– Jeg har blitt mobbet for at jeg har sviktet min egen dialekt ved å legge om til østlandsk. De som hevder det, har for stor tro på at alle forstår alle dialekter, noe de ikke gjør. Derfor bruker jeg ikke dialekten min når temaet er amerikansk utenrikspolitikk i fjernsynet, for da må jeg snakke så folk forstår det.

Skeptisk trønder

– Jeg har alltid vært skeptisk til autoriteter. Det begynte nok da læreren min

● «Norsk er et vanskelig, merkelig, nyansert og egentlig ganske presist språk.»

gitte situasjoner kan koste deg fortene-nene. Den forskjellen forstår ikke kinesere og tsjekkere uten videre, for de har ikke bestemte og ubestemte artikler i sitt språk, forklarer Hegge. Han er også opptatt av engelsk og svensk påvirkning på norsk.

– Vi har naturligvis måttet ta inn ord utenfra i alle år. Men noe av det går for mye på autopilot. Betydnings-forskjellen mellom engelsk og norsk *fatal* overlever neppe vår globaliserte tid, og det er kanskje ikke så farlig. Da er det verre med ord som *adressere* og *fullbooke*.

– Den svenske påvirkningen på norsk burde noen ha skrevet en doktoravhandling om. Det er da påfallende at svensk ikke påvirket oss i unions-tiden, mens det ble fart på sakene da fjernsynet kom i 1960, sier Hegge. Selv

på folkeskolen ikke kunne forskjellen på da og når. Dessuten har stilen min mye med trønderisk skepsis å gjøre. Den er god å ha med seg, ikke minst når man er journalist, sier Hegge og understreker poenget ved å fortelle en av sine mange historier.

– Den særegne skepsisen er innkapslet i en trønderhistorie fra da jernbanen kom til Trøndelag for om lag 100 år siden: Det sitter en bonde og en mann i fin dress på toget. Konduktøren kommer for å kontrollere billettene. Bonden gir ham et klippekort, mens mannen i dress bare nikker. Idet konduktøren går videre, spør bonden mannen i dress: «Hi du itj kjøpt billætt, du?» «Nei, jeg reiser på mitt ærlige ansikt», svarer mannen, hvorpå bonden sier: «Jaha, du ska' vel itj så langt, du da!»

1973–2013 Språknytt 40 år

På 80-tallet skrev Språknytt særlig om den engelske påvirkningen på norsk, ved siden av evigunge gjengangere som fagspråk, norskfaget, normering og grammatikk.

Andre temaer som ble belyst i Språknytt i denne tiårsperioden, var blant annet språkvett, språkrøkt, oljeterminologi, dataspråk og tv-teksting. Og det siste skuddet på stammen var den tiltagende anglifiseringen av norsk og behovet for avløserord.

«Språkkamp på liv og død»

Slik lød tittelen på hovedartikkelen i 80-årenes siste Språknytt. I ingressen stod det videre: «Kampanjen mot vår tids engelsk-norske blandings-språk fører tanken tilbake til slutten av middelalderen da nedertysk språkstoff oversvømte Norden på lignende måte som engelsken nå. Interessant nok fins det vitnesbyrd om at folk kunne reagere mot det fremmede i språket den gang minst like heftig som motstanderne av anglo-norsken i dag.»



Språknytt ba i 1988 leserne om å komme med forslag til et avløserord for *whiplash*. Blant framleggene var *piskesmellskade*, *sleingskade*, *hodesleingskade* og *nakkesleing*. Året etter kom fagnemnda i Norsk språkråd med sin anbefaling av *nakkesleing*, som siden har vært godt etablert i norsk. Et ikke like vellykket forslag var *brekkdans* for *break dance*, som «har spredt seg som en farsott blant barn og tenåringer i Norge i løpet av sommeren 1984».

Ordknapp ordpynt

Av det mer kuriøse slaget kan vi nevne artikkelen «Ordpynt i gatebildet», der en innsender spør: «'Er det da slik at *The Body Shop* selger bodies? Døde – eller levende?» Ja, en kan nok spørre!» Og i en notis kan vi lese: «Vi har tidligere foreslått *jakkemerke* som et godt avløserord for det engelske 'button'. Nå har vi fått inn et nytt forslag som vi tygger litt på: *ordknapp*. Forslagsstilleren understreker dobbeltbetydningen. Jo, vi likte det ...»

NYORD FRA 80-TALLET

børstraktor | båndsalat | datasnok | fettsuging
gjeldsforsikring | idédugnad | linselus | sambafotball
snillisme | videovold

I denne spalten tar vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

FAGERT ER SPILLET

I høysesongen for ballspill utendørs åpner vi denne spalten med et hederlig tiltak vi finner i flere idretter: *fair play*. Ifølge omtalen handler dette om hvordan vi oppfører oss mot hverandre i idretten, både på og utafor banen. Det satses på dette innafor ulike idretter, og vi finner det i læreplanen for kroppsøvningsfaget. Men altså, kan vi ikke uttrykke dette på norsk?

Ord på spill

Play er greit å oversette; i idrettssammenheng kan det være *spill* eller *leik* på norsk, og under organiserte forhold brukes helst *spill*. Men hvordan oversetter vi *fair*? Etymologisk har det engelske ordet samme opphav som vårt *fager*, så kunne *fagert spill* passe? Det kunne det for så vidt; høvelig oppførsel må sies å være fagert. Ei innvending vil likevel være at *fagert* heller leder tankene mot den tekniske utførelsen av spillet, jamfør det brasilianske *jogo bonito* 'vakkert spill'.

Andre oversettelser av *fair* er ord som *ærlig*, *hederlig*, *real* og *rein*. Vi ser at enkelte idrettsklubber faktisk bruker *ærlig spill* eller *reint spill* når de lokalt skal omtale Fotballforbundets *fair play*, og vi mener begge alternativene passer godt. Ikke minst kaller Hockeyforbundet satsinga si for nettopp *ærlig spill*, og da kan vi gjerne oppfordre andre idretter til å ta pucken videre.

Vandel i handel

Et annet område der det kan trenges hederstiltak, er handelen. De siste tiåra

har det vokst fram både organisasjoner og ordninger som oppmuntrer til handel med varer som er produsert under gode vilkår. På engelsk kalles dette *fair trade* (eller *fair-trade*). Vi ser av og til det engelske begrepet brukt på norsk også, men vi minner om at *rettferdig handel* er et godt etablert og lett forståelig norsk uttrykk.

Bare se, men ikke røre

I politikk og næringsliv kan vi av og til høre noen love «å være *hands off*», eller gjerne ønske at andre skal «være» dette. Hva betyr så det? Jo, uttrykket *keep one's hands off* kan vi oversette med *holde fingrene av fatet*, altså det å ikke blande seg borti noe. Vi har også andre treffende måter å uttrykke dette på, som *holde seg på avstand fra noe* eller *holde seg unna*.

Videre brukes *hands off* på engelsk som et mer direkte alternativ til omstendelige begrep som *nonintervention* eller *noninterference*, altså *ikke-intervensjon* eller *ikke-innblanding*. Vi ser gjerne mer av slik direkte språkbruk på norsk også, sjøl om det aldri så mye dreier seg om alvorlige emner.

.....
Daniel G. Ims er rådgiver i Språkrådet.



Språkgledeprisen 2013 til Knut Nærum



Forfatter og satiriker Knut Nærum har fått Språkgledeprisen for å ha spredd språkglede i den norske offentligheten gjennom flere år, i flere medier og innenfor flere sjangre. Prisen er på 15 000 kroner og ble delt ut for første gang i Språkåret 2013. Den er et samarbeid mellom Norsk Oversetterforening, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, Språkåret 2013 og Språkrådet. Overrekkelsen skjedde 2. mars under Oversatte dager på Litteraturhuset i Oslo.

Nominer til Språkprisen 2013!

Språkrådet arbeider for å fremja og styrkja stillinga til norsk språk og deler difor kvart år ut ein pris for framifrå bruk av norsk i sakprosa. Prisen kan gå til ein person eller til ei gruppe (institusjon, bedrift, organisasjon osv.). Det blir delt ut ein pris for sakprosa på kvar av målformene kvart år.

Alle kan nominera kandidatar til Språkprisen. Kandidatar kan koma frå alle sentrale samfunnsområde, som

næringsliv, forskning, undervisning, forvaltning, presse, teknologi og kulturliv. Juryen bør ha framlegga før 20. juni i år. Prisane blir delte ut på Språkdagen 12. november.

Vinnarar i 2012 var Marta Norheim, nynorsk (litteraturvitskap og humanistiske fag), og Erik Tunstad, bokmål (naturvitskap og forskingsjournalistikk).

Meir informasjon om nomineringa finn du på nettstaden til Språkrådet.

Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet

Det grunnleggjande kjeldematerialet til Ivar Aasen er komme i bokform. Ivar Aasen-selskapet i Bergen har gjeve ut dei 2500 sidene i ti bøker: *Sunnmørsgrammatikkane* (1992), *Målsamlingar frå Sunnmøre* (1994), *Målsamlingar frå Bergens Stift* (1995), *Målsamlingar frå Christiansands og Agershuus Stifter* (1997), *Målsamlingar frå Trondhjems og*

Tromsø Stifter (1998), *Målsamlingar 1851–1854* (1999), *Målsamlingar 1855–1861* (2001), *Målsamlingar 1862–1883* (2002), *Namnesamlingar* (2006) og *Dansk-norsk Ordbog* (2000). Stoffet er gjennomarbeidd og lagt til rette av Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Terje Aarset.

Språklig kvalitet i læremidler

På oppdrag fra Språkrådet har Høgskolen i Vestfold utarbeidet rapporten *Språklig kvalitet i læremidler*. Slik ønsker vi å gi dem som utvikler læremidler, et verktøy til å sikre godt språk og gode tekster. Læremidler retter seg mot barn og unge, med et språk og et innhold som er formende for unge mennesker. Språket i læremidler

– både trykte og digitale – må derfor være både korrekt og velformet.

Språkrådet har lang tradisjon for å engasjere seg i lærebokspråket. Hensikten med rapporten er å peke på hva som kjennetegner språklig kvalitet i læremidler. Rapporten er publisert i serien «Språkrådets skrifter».

Konferanse om leksikografi i Norden

I samarbeid med Institutt for lingvistiske og nordiske studier (ILN) ved Universitetet i Oslo og Nordisk forening for leksikografi (NFL) inviterer Språkrådet til den tolvte konferansen om leksikografi i Norden i Oslo 13.–16. august. Denne konferanseserien er en uvurderlig møteplass for alle i Norden som er interessert i eller arbeider med ordbøker, eller som driver med leksikologisk forskning.

Konferansen finner sted i Forskningsparkens lokaler like ved universitets-

området på Blindern.

Det vil bli holdt tre plenumsforedrag. Det vitenskapelige programmet vil i tillegg omfatte parallelle seksjonsforedrag og andre tilbud. Arrangørene vil dessuten tilby et sosialt program.

Informasjon om arrangementet ligger på Språkrådets nettsider.

Konferanse om norskfaget i endring

Utdanningsforbundet, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og Språkrådet arrangerer ein konferanse om norskfaget på Lærernes hus i Oslo 23.–24. september. Temaet for konferansen er «Aasen-jubileet 2013 – fornying av nynorsk i opplæringa». Konferansen er ei oppfølging av diskusjonane kring revisjonen av læreplanen i norsk. Endeleg program blir lagt ut på nettsidene til Språkrådet.



NÅR EG TYRSTAR etter presis ordbruk, går eg gjerne til lyrikarane. Eller eg tenkjer på gamle snekkar Lars. Han hadde eit svært presist, korthogd og slagkraftig språk, slik han også utførte snekkerarbeidet med stor nøyaktigheit. Viss han skulle søkt arbeid gjennom dei moderne stillingsannonsane, måtte han nok ha skrivi at han hadde «optimale kommunikative egenskaper». At han elles var ein dyktig fagmann, og naturlegvis gjorde seg ferdig med arbeid han hadde teke på seg, ville i moderne frasespråk vorte at han var «operativ», «framoverlent», «proaktiv», «sulten» med «gjennomføringsevne».

Kai Jacobsen, lege, i Hallingdølen

– **DET VERSTE EKSEMPEL**ET vi har vært borti, var da et helseforetak ba ulike institusjoner om å innrapportere sin *biomasse*, sier Severud.

- Og hva i huleste mente de med det?
- Antall pasienter på venteliste ...

Fra intervju med Arne Klyve og Jon Severud, forfatterne av Ordbok for underklassen. Slå tilbake mot byråkratispråk og nyord fra næringslivet, i VG


.....

EG ER EIN KNOTAR. Ikkje snakkar eg rein dialekt, det er verre: Ofte blandar eg ordformer innanfor ei og same setning. Eg har alltid kjent misunning overfor dei som har ein utprega dialekt, med klare kjenneteikn. Og eg har alltid blitt litt fornærma over at nye kjende trur eg er frå Oslo [...].

Sjølv er eg fødd og oppvaksen på Lillehammer, av ei mor frå Os i Østerdalen og ein far som var fødd i Skudeneshavn, men som voks opp ved sven-skegrensa. Dei næraste venene mine i skuletida var sjølv barn av innflyttarar frå ulike delar av landet, så kva slags språk vi utvikla, er ikkje godt å seie.

Eg nyttar fleire variantar av same ord som kjennest rett i ulike samanhengar: Eg kan seie «sjøl» med tjukk l og «selv», eg kan seie «mjuk» og «myk», og ikkje minst kan eg skrive bokmål og nynorsk, utan at eg kjenner meg mindre heime i verda av den grunn.

Cathrine Strøm, spaltist i Dag og Tid



Illustrasjon: André Ulveseter

– **JEG TRODDE** jeg hadde irritert meg alene, men det har jeg åpenbart ikke gjort.

André Ulveseter, mannen bak Facebook-sida «Bilder i kampen mot særskrivingsfeil», som har flere enn 130 000 tilhengere, sitert på tv2.no



Ivar Aasen 200 år

Språkprogram som retorisk øving

■ ARNE APELSETH

Korleis kom Ivar Aasens språktenking i stand i 1830-åra? Kva politiske og kulturelle forhold vart det lagt vekt på? Kvifor fekk ideane den forma dei fekk? Korleis resonnererte Aasen om det å reise eit nytt norsk skriftmål frå grunnen av?

«Om vort Skriftsprog» (1836) er det første skrivet som uttrykkjer dei tankane Ivar Aasen nytta innpå 60 år på å realisere. Dokumentet utgjer dei fem

første delane av *Originale Fragmenter og Blandinger for 1836*, ei samling med utdrag frå lærebøker og annan lesnad, i tillegg til Aasens eigne idéskisser.

Det retoriske utgangspunktet

Ei konvensjonell (ikkje-retorisk) sjangerinndeling opnar for nemningar som essay, lyrikk, brev, nekrolog osv., men slike fragmentsamlingar kunne òg inngå i retorikkens grunnform, *inventio*. Med *inventio* sikta ein til framleiing og utarbeiding av argument som kan fremje synspunkt, saker eller personleg danning. Å skrive slike stykke var vesentleg for Aasens intellektuelle utvikling, om vi skal ta føreordet til samlinga for pålydande. Såleis er stykket ei prøve på om han hadde lært leksa si i retorikk, det vil seie om han fekk til sjangeren rådstale (*genus deliberativum*).

I *Ivar Aasen – brev og dagbøker* har Reidar Djupedal kommentert kva som kjenneteikna den unge Aasen som skrivande menneske. Det går fram at Aasen slett ikkje forma tankane etter innfallsmetoden eller tedde seg som eit romantisk geni som saug alt or eige bryst. Især legg Djupedal vekt på korleis Aasen tileigna seg ein retorisk skrivestil ved hjelp av Jacob Rosteds *Forsøg til en Rhetorik*, og at verknaden frå denne retorikk-læra kan merkast i Aasens seinare skrifter også.

Det at Aasen fekk opplæring etter Rosteds lærebok, knyter han til ein lærdomstradisjon som forsvann i Noreg på 1800-talet. Aasens klassiske skulering hos ein landsens prost, Thoresen i Herøy, batt han såleis attover i tid, til dansk-norsk 1700-tal og til dei siste restane av klassisk tradisjon. Boka til Rosted er typisk for korleis det vart tenkt om skriftkultur i Europa om lag frå renessansen og fram til 1800-talet.

Ho er klassisk innretta, i og med at emnet er retorikk, men det må òg leggjast vekt på at Rosteds retorikk føreset at nasjonalspråket dansk finst, at det finst patriotisk interesse for morsmålsdyrking, og at det alt var gjennomført ei omlegging frå munnleg til skriftleg retorikk i dansk. Dansk var på mange måtar nådd fram til målet, nemleg ein tilstand som ferdig oppdyrka *skriftspråk* som fullt ut kunne erstatte latin.

Landsmålets *topoi*

Klassisk retorikk hadde eit sterkt meiningsretta syn på kommunikasjon. I praksis tydde det at sak (*res*) og form (*verba*) ikkje kunne skilje lag, men måtte relaterast nokså tett til kvarandre. Innsamla informasjon og utvalde uttrykksmiddel skulle rettast mot kommunikasjonsakta. Dei skulle tene som prov eller på anna vis styrke truverdet. Gjennom ein dialektisk metode vart dei sorterte, grupperte og organiserte, nettopp med tanke på overtyding og overtaling.

Topikken, læra om førebilete, sorterte under *inventio*. Informasjonsdelar skulle hentast fram frå meir eller mindre løynde stader, *topoi*. For å finne fram til Aasens *topoi* i dette stykket må ein ta for seg utviklingsdrag i europeisk åndsliv i ein lang bolk før 1814 og den norske staten. I kva grad var Aasen innforstått med dei idéhistoriske forholda? Reflekterte han dei inn i sitt eige? Det er sjølvsagt ikkje råd å rekonstruere fullt ut kva Aasen hadde tilgjenge til. Berre eit inngåande studium av Aasens personlege danning,

-
- «Bonden har den Ære at være Sprogets Redningsmand; til hans Tale skulde man altsaa lytte.»

Ivar Aasen 200 år

- fødd på garden Åsen i Ørsta på Sunnmøre 5. august 1813
- arbeidde som skulelærer og huslærer og gjekk i lære hos prost Thoresen i 1830-åra
- reiste rundt i landet for å granske målføra frå 1842 til 1846
- busette seg i Kristiania i 1847
- skreiv mellom anna *Det norske Folkesprogs Grammatik* i 1848, *Ordbog over det norske Folkesprog* i 1850, *Prøver af Landsmaalet i Norge* i 1853, syngespelet *Ervingen* i 1855, *Norske Ordsprog* i 1856, diktsamlinga *Symra* i 1863, *Norsk Grammatik* i 1864, *Norsk Ordbog* i 1873, *Norsk Maalbund* i 1876 og *Norsk Navnebog* i 1878
- døydde i Kristiania 23. september 1896



Foto: Jon-Erik Foksvaag, Norsk Folkemuseum

interesser, normer og boktilgjenge og av samtidas tenking og mentalitet kan gje eit brukbart svar på det. «Om vort Skriftsprog» viser at fleire *topoi* var representerte. Truleg har dei ulik innbyrdes styrke, dels fordi dei ikkje i same grad var medvitne hos Aasen, og dels fordi han med vitande og vilje la større vekt på eit utval av dei:

- det borgarlege: fri opinionsdanning, offentlig resonnement
- det allmenntytte: folkespråkets pedagogiske nytteverdi
- det nasjonalstolte: «har stat og nasjon – treng språk og kultur»
- den internasjonale jamføringa: nasjonal-språkutvikling i Europa
- det klassisk-retoriske: retorisk syn på skriftspråk og språkdyrking
- det demokratiske: folkefleirtalets rett og tarv
- det språkvitskaplege: eksistensen av eit norsk språk
- det politiske: folkesuverenitet, Noreg, 1814 og grunnlova
- det aktuelle: språkdebatten i 1830-åra
- det moralske: gode dygder, språkleg-kulturelt sjølvstende

Overtydningsevne eller overtalingskraft hadde mykje å gjere med kor medvitte ein avsendar var om mottakaren av teksten. Det galdt å treffe kommunikasjonsstoda. Innsamla materiale måtte relaterast til person og situasjon. Termane for det var *ethos*, *logos* og *pathos* når det galdt person, og *kairos* når det galdt situasjonen. Med *ethos* forstod ein den personlege danninga til den som tala eller skreiv. Både karakter og dei dygdene han hyste, var avgjerande for kor truverdig argumentet ville verke. I Aasens tilfelle var det naudsynt å vise god vilje, syne moralsk ansvar, vere merksam på fellesgoda, ta sosiale omsyn, ha ei intelligent innstilling, vise seg kunnskapsrik og vere fedrelandselskande. Retorikkens *logos* femna sakkunnskapen, og her var det eit spørsmål om kva Aasen kunne vise av rasjonalitet, kulturpolitisk innsikt, filologisk skjøn og dialektkunnskap. Med *pathos* forstod ein evner til å uttrykkje sympatiar eller antipatiar, spele på kjensler, stemningar, haldningar, fordommar, ønskemål o.a. hos mottakarane. *Kairos* gjekk på det spesifikke ved situasjonen, det vil seie evna til å ytre rett ord, til rett tid og på rett plass.

«Om vort Skriftsprog» i fem delar

Dispositio var den retoriske talesituasjonens andre disiplin. Her ordna ein det innhaldet som var leita fram i *inventio*, og fastsette plassen det skulle ha i talen som heilskap. I *exordium* (del 1) freistar forfattaren å kome i kontakt med dei lesarane han ønskjer å overtyde. Han vil prøve å skape sympati for seg sjølv og velvilje for det saka gjeld, med utgangspunkt i eit udiskutabelt gode. Konkret viser Aasen til den fellesskapen som har oppstått etter 1814, at «vort Fædreneland atter er blevet [...] frit og selvstændigt», og at «hiin Umyndighedstid er svunden», før han rettar seg inn mot kva som etter hans skjøn bør vere felles mål og verdiar: «vi burde vise Verden, at vi ogsaa i denne, vistnok ikke uvigtige Sag – attraaede at være selvstændige». Så kjem ei varsla presisering: «Vi trænge aldrig at gaae udenom Grændserne efter et Sprog; vi skulde lete i vore Gjemmer, og see efter, hvad vi selv eiede, førend vi gik hen at laane af Andre.»

Narratio (del 2) skulle i den klassiske retorikken orientere om det standpunktet som forfattaren vil argumentere for. Som oftast ville han kome med ei oppsummerande framstilling av saka slik han sjølv såg ho. Aasen trekte opp ei kort utviklingshistorie om korleis språksituasjonen hadde blitt som han hadde. Den meir subjektive og kjensleladde vinklinga av problemet kom fram på denne måten:

Det har altid smertet mig bittert, naar jeg hørte vort Almuesprog krænkes og belees, enten af velklædt Uvidenhed, eller af en rigtignok velmeent Renselses-Iver. Skal vi, tænkte jeg, give Slip paa denne kostelige Skat fra Fortiden, som vore Forældre gjen-

nem alle sine Trængsler have troli- gen bevaret og overladt til os som en hellig Arv?

Partitio (del 3) var staden for å gjere greie for ulike omstende som var naudsynte for at saka skulle forståast av lesarane. Her vart lesarane orientert om kva emne som ville bli tekne opp, gjerne òg rekkefølga. Dette er den kortaste, men òg den mest nytenkjande delen, og såleis den prinsipielt viktigaste. Her gav Aasen ei språkhistorisk utlegging som han konkluderer med eit «skandaløst» framlegg (*propositio*), især når ein tek omsyn til kva som var gjengse synsmåtar i samtida. I tradisjonell tyding flytta han grunnlaget for nasjonens danning, kultur og sivilisasjon ut av den embetsborgarlege sfæren og inn i ein som ein større del av folket hadde tilgjenge til. Alt her gjekk han så langt at han la vekt på språket til allmugen og bøndene som basis for eit framtidig norsk skriftspråk: «Bonden har den Ære at være Sprogets Redningsmand; til hans Tale skulde man altsaa lytte.»

Etter at det prinsipielle standpunktet var innteke, skulle det underbyggjast og forsvarast. *Confirmatio* (del 4) var den retoriske talens hovuddel. Formålet var å prove, sannsynleggjere, styrke og stadfeste det som var framsett eller hevda tidlegare. *Confirmatio* kunne innehalde dei retoriske figurane tilbakevising (*refutatio*) og appell (*amplificatio*). Aasen startar del fire med å tilbakevise forventa innvendingar ved hjelp av logiske argument. Særleg retta han det verbale skytset sitt inn mot «hiin Aarhundrets Reformation», og han sikta nok med det til eit framlegg frå Henrik Wergeland. Så tilbakeviser han faktiske og tenkte motargument,

- «Problemet både i 1814 og seinare var at ein berre ville kalle skriftspråket norsk, utan å endre dei språklege realitetane.»

som at all reformering av språk bør ta lang tid, og at innføring av eit nytt språk ville vere vanskeleg for nybyrjarar og utlendingar. Det siste avsnittet er i samsvar med retorikk lærars råd om ein kjensleladd sluttappell:

At vi, med den her tilsigtede Reform eller Tillæmpning, skulde faa et altfor plat og pøbelagtigt Hovedsprog, er en Invending, der kun grunder sig paa Fordom og Vane. Vi ønske os just et Folkesprog, et som enhver Landsmand uden Møie kan tage Deel i; vor Statsforfatning berettiger os til dette Ønske. Og hvorfor skulde vi være saa ængstelige for disse saakaldte Platheder? De ere det ikke; de ere Norskheder. Lad os sætte Fordommene tilside, og ikke undsee os for at bruge vort Lands eget Tungemaal.

Formålet i *conclusio* (del 5) er å samanfatta momenta i fortetta form, slik at mottakaren sit att med ein klar idé om kva som vert sett fram til avgjerd eller vurdering. Det er presis det Aasen gjer. Del fem i «Om vort Skriftsprog» vert faktisk innleidd slik:

Forslag: Det er ikke min Hensigt hermed at fremhæve nogen enkelt af vore Dialekter; nei ingen saadan bør være Hovedsprog, men dette skulde være en Sammenligning af, et Grundlag for dem Alle. Til et saadant at fuldføre, skulde der gjøres Ordsamlinger for enhver af Landets større Provindser, med grammatikalske Oplysninger og bestemte Ordforklaringer. Til at forfatte disse,

skulde Mænd, som ei blot troede at kunne, men og virkelig kunde Almuesproget, opmuntres. Disse Ordsamlinger skulde indsendes til et Selskab, oprettet af sprogkyndige Mænd, som skulde anstille Sammenligninger og gjøre Udvalg, og efterat saaledes Hovedsproget var bestemt, skulde dette Selskab udarbeide en fuldstændig norske [sic] Ordbog, med tilsvarende Grammatik. Denne nye Sprogform skulde dog aldeles ikke paabydes eller paanødes; man skulde opmuntre til dens Brug, men ellers lade Enhver bruge det Nye eller Gamle efter eget Godtbefindende.

Sluttord

Aasens tanke i «Om vort Skriftsprog» var at realitet og nemning (*res* og *verba*) skulde svare til kvarandre. Når Aasen omtala språkspørsmålet som «vistnok ikke uvigtige Sag», var det både eit ekko av ordstriden i 1820-åra og ein freistnad på å knyte teksten til ein ny språkdebatt i 1830-åra. Det var ikkje usemje om kva namnet på skriftspråket her til lands skulle vere *før* 1814. Ingen kalla det anna enn dansk. Striden kom med avviklinga av Danmark-Noreg i 1814. Først då oppstod trongen til å kalle skriftspråket norsk, i og med at landet vart definert som ein nasjonalstat. Problemet både då og seinare var at ein berre ville *kalle* det norsk, utan å endre dei språklege realitetane. Det var det Aasen ville rå bot for.

.....

Arne Apelsest er førsteamanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Ivar Aasen – ein politisk diktar?

■ ASTRID MARIE GROV

Landsmålet måtte synast fram i skjønnlitteraturen for å vise at det dugde, meinte Ivar Aasen. Og dikta til Aasen var meir enn underhaldning – dei skulle både bygge nasjonen og lyfte bonden. På sett og vis kan ein seie at nynorskens far var ein politisk diktar.

Aasen etterlét seg noko over hundre dikt – eller *visor*, for dikt skulle syngjast, meinte han. Den skjønnlitterære forfatterskapen er med andre ord ikkje stor, men Aasen har likevel eit ettermæle som ein svært respektert diktar, og fleire av dikta hans er ein del av den levande kulturarven. Men kva tema var det som opptok han som forfattar? Kva var det Aasen ville formidle i dikta sine?

Forlenging av landsmålsprosjektet

For å konkludere fyrst: På mange måtar er innhaldet i skjønnlitteraturen til Ivar Aasen ei forlenging av landsmålsprosjektet, slik han la det fram i

dagbøker og offentlege publikasjonar. Berebjelken i livsverket til Aasen var å lyfte statusen til allmenta, og diktinga var eit bidrag til det. Han kan såleis kallast ein politisk diktar. Vigdis Ystad skildra det slik i Språknytt 1/1996: «Siktemålet for Aasen var å skrive folkeleg nyttepoesi som kunne verke frigjerande og sanningsskapande.» «Nordmannen» frå diktsamlinga *Symra* er eit illustrerande døme på det:

Millom Bakkar og Berg ut med Havet
heve Nordmannen fenget sin Heim,
der han sjølv heve Tufterna gravet
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.

Han saag ut paa dei steinutte Strender;
det var ingen, som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og byggja oss Grender,
og so eiga me Rudningen trygt.»

Han saag ut paa det baarutte Havet;
der var ruskutt aa leggja ut paa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.

Fram paa Vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare Land!
Men naar Vaarsol i Bakkarne blenkte,
fekk han Hug til si heimlege Strand.

Og naar Liderna grønka som Hagar,
naar det laver av Blomar paa Straa,
og naar Næter er ljosa som Dagar,
kann han ingenstad vênare sjaa.

Diktet er utvilsamt eit bidrag til nasjonsbygginga, men har samtidig ein sterk sosial bodskap. Gudleiv Bø sa i eit føredrag om Aasen: «[...] i den verden der «Nordmannen» lever, hører vi bare om én samfunnsklasse; her er det ingen prest og fut, ingen konge, ingen over- og underordning; overklassen synes i hvert fall ikke, den gjør ikke noe av seg, den må være uvesentlig. Det er det egalitære Norge Aasen hyller.»

Ein enkel diktar?

Endå om Aasen sjølv etter kvart vart bymann både geografisk og materielt, var han trufast mot oppveksten sin i diktinga – både i innhald og form. Dikta kan skildrast som nøkterne og enkle, men slett ikkje i negativ forstand. Mykje av føremålet med diktinga var jo å syne fram landsmålet i skjønnlitteraturen, og då måtte ideala frå det folkelege språket òg bli med over i poesien. Språket og kanskje særleg ordstillinga Aasen brukte i dikta, er såleis svært munnleg, akkurat slik han meinte landsmålet skulle vere. Gudleiv Bø skildrar det slik: «Setningene til Aasen har vanlig og endefram norsk ordstilling hele veien, og setningene er gjerne korte, oftest hovedsetninger. De har nesten alltid samme ordfølge som *talemålet*. Aasen oppnår å skape vakker poesi gjennom en *mundlig* stil – en stil som ligger svært langt fra dansk skriftspråkstradisjon på 1850-tallet.»

Nasjonsbyggjaren Aasen

Som nasjonsbyggjar var Aasen både typisk og utypisk for si samtid. På midten av 1800-talet skulle den norske identiteten skapast – og det går som ein raud tråd gjennom forfattarskapen.



Men ulikt ein del andre trekkjer ikkje Aasen liner til storstilte historiske hendingar frå den gongen Noreg var ei stormakt, og han brukar ikkje likningar frå naturen for å finne fram til «den norske folkesjela». Derimot snakkar han både til og for folket (den gongen bøndene), anten som ein kveik eller som forsvar for livssituasjonen deira. Eit døme er «Uvitingskap» frå *Symra*:

Ein Etar med Svipa si smeller
og kjøyrer um Land og um Strand;
paa Bønderne jamnan han skjeller,
at inkje dei dyrka sitt Land.

Jau, fekk han ein Gard til si Føda
og inkje til Løn, som du veit,
eg tenkjer, han bøygdest av Møda,
han vardt ikkje vidare feit.

Aasens engasjement for vilkåra til bøndene passa som hand i hanske med den rådande nasjonsbygginga, og det bidrog til at landsmålsprosjektet vart ein realitet. Nasjonsbygginga innebar med andre ord ei styrking av statusen til bonden, men haldninga til det «ekte norske» kunne ofte vere dobbeltmørsk, meinte Aasen, som her i «Fals og Fusk» frå *Symra*:

Um Landsens gamle Sed og Viis
dei tala tidt med myken Priis,
men naar det kjemer nærre,
naar sjølv dei gamall Sed faa sjaa,
so kvekka dei og røma fraa,
som ingen Ting var verre.

Stemningsskaparen Aasen

Sjølv om dikta til Ivar Aasen kan innehalde stemningsfulle bilete, dikta han aldri «for moro skuld». Det ligg alltid noko meir bak, anten det er nasjonsbygging, livsvisdom eller begge delar.

Ein av dei viktigaste bodskapane Aasen hadde til folket, var at ein skulle sjå det gode i det ein har, sjølv om det ikkje alltid er så lett. Eit døme på noko han veit kan verke tyngjande, som han omtalar i fleire av dikta sine, er det norske klimaet. I «Midsumarkveld» kombinerer han tematikken med stemningsfulle bilete:

Det vert ikkje lenge so lystugt som no:
ljøset vil dimmast og dovna,
det grøne vil graana, og ingen Ting vil gro,
livet i Markom vil sovna.
Lat oss no då vel nøyta paa
og taka Goddagarne, medan me deim faa!

Personlege Aasen

Aasen held seg som regel «på avstand» frå det han skildrar, i dagbøkene så vel som i diktinga. Gudleiv Bø nemner til dømes at han nesten ikkje brukar pronomenet *eg* i dikta sine. Berre svært sjeldan byr Aasen på personlege tankar og kjensler. Eit sjeldan døme finn me i diktet «Saknad». Der avslører han at det var tungt å ofre kjærleiken for den store livsoppgåva (Aasen vart aldri gift):

Eg veit so vel, det finst ein Barm
med same Kjensla inne,
med same Hug og same Harm
og same Von og Minne.
Og fann eg den, vardt allting rett,
og Livet skulde skrida lett.
Men det er verst aa minnast:
me skulo aldri finnast.

.....
Astrid Marie Grov er rådgjevar i
Språkrådet.

Ivar Aasen og norsk målføregransking

■ KJETIL AASEN

Mange hugsar nok at målførekunnskap var eit emne i norskfaget i vidaregåande skule. I lærebøkene finn ein oversyn over korleis norske målføre kan delast inn på språkleg grunnlag. Like eins har dialektologi vore ein av kjernedisiplinane i studiefaget nordisk språk og litteratur.

Den som ynskjer å setja seg inn i norske målføre, har ein rikholdig faglitteratur å henta lærdom frå. Det finst litteratur om tradisjonelle målføre, og det finst litteratur som tek føre seg talemålsending og språkleg variasjon i nyare tid. Det finst lærebøker for den som ynskjer eit heilskapleg oversyn over det norske målførelandskapet, og det finst studiar som tek føre seg ein-skildmālføre.

Denne kunnskapen tek me for gjeven i dag, og det har me gjort lenge. Men ein stad har han kome frå. Og om me fylgjer faghistoria til norsk målføregransking bakover, endar me hjå Ivar Aasen.

Mālpolitisk program med følgjer

I 1836 skreiv Ivar Aasen den mālpolitiske programerklāringa «Om vort Skriftsprog». Ettersom Noreg ikkje lenger låg under Danmark politisk, burde Noreg òg lausriva seg frå Danmark språkleg og få sitt eige skriftmål, meinte Aasen, og i so fall måtte nokon skriftfesta det. Han avviste den tilsynelatande enklaste løysinga, å skriftfesta eitt mālføre:

Det er ikke min Hensigt hermed at fremhæve nogen enkelt av vore Dialekter; nei, ingen saadan bør være Hovedsprog, men dette skulde være en Sammenligning af, et Grundlag for dem Alle. Til et saadant at fuldføre, skulde der gjøres Ordsamlinger for enhver af Landets større Provindser, med grammatikalske Oplysninger og bestemte Ordforklaringer. Til at forfatte disse, skulde Mænd, som ei blot troede at kunne, men og virkelig kunde Almuesproget, opmuntres. Disse Ordsamlinger skulde indsendes til et Selskab, oprettet af sprogkyndige Mænd, som skulde anstille Sammenligninger og gjøre Udvalg, og efterat saaledes Hovedsproget var bestemt, skulde dette Selskab udarbeide en fuldstændig norske [sic] Ordbog, med tilsvarende Grammatik.

Men når eit nytt norsk skriftmål skulle lagast på grunnlag av dei norske mālføra, måtte Ivar Aasen handtera det problemet han sjølv peika på: Det fanst ikkje systematisk kunnskap om norske mālføre. Aasen var likevel ikkje snauare enn at han med tida gjorde alt sjølv, som han føreslo skulle gjerast av

eit korps av feltarbeidarar og eit selskap av lærde menn. Det einaste som fanst på denne tida, var ein del lausrivne ordsamlingar av ymsande kvalitet. Kunnskap om grammatikk, ljodverk og ordtilfang i norske målføre måtte samlast inn, og det innsamla tilfanget måtte analyserast og systematiserast, slik at han fekk fram eit grunnlag for eit nytt, standardisert skriftmål. Ivar Aasens eigenlege ærend var ikkje å samla inn målføre, men det var likevel ingen veg utanom.

Meir enn ein reiseglad samlar

Mange trur at Ivar Aasen reiste rundt omkring i Noreg og samla dialektord. Det er langt ifrå heile sanninga.



I 1842 mottok Aasen for fyrste gong eit stipend frå Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim for å reisa i Noreg og samla inn målføretilfang. Ivar Aasen var nesten samanhengande på granskingsferd frå september 1842 til desember 1846. I løpet av desse fire åra dekte han store delar av Vestlandet, Sørlandet, Austlandet (særleg fjellbygdene) og Trøndelag. Dessutan fór han til Nordland i 1846. Seinare i livet heldt han fram med granskingsferder om sumrane.

Etter langferda slo han seg ned i Kristiania, og so fylgde ein intensiv arbeidsperiode fram til 1850. Det var i denne perioden han skreiv ferdig og fekk gjeve ut *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848) og *Ordbog over det norske Folkesprog* (1851) (sjå Bokhylla.no). Då han gav ut grammatikken og ordboka, hadde det skriftmålet som seinare skal verta kjent som *landsmål* og *nynorsk*, enno ikkje fått noka endeleg form. Aasen var enno på førebuingstadiet.

I grammatikken har me å gjera med ein ny fagdisiplin i Noreg, nemleg målføregranskninga. I «Anden Afdeling. Om Overgangsformerne» gjer Aasen greie for systematiske formskilnader i ljodverket mellom målføre i dei same orda. Dømet Aasen vel i innleiinga til kapittelet for å syna dette, er at *saum* og *straum* i eitt målføre systematisk svarar til *søm* og *strøm* i eit anna. Han jamfører ljodverket i dei ulike målføra, og han avsluttar kapittelet med å jamføra norske målføre med andre german-

«Tellemarkens Dialekt deler sig i flere Arter», skreiv Ivar Aasen, som rekna telemarksdialektene til «den østenfjeldske Række». Ingebjörg Bratland og Odd Nordstoga syng mykje på vesttelemål på plata Heimafrå. Foto: Hans Fredrik Asbjørnsen

ske mål. I «Sjette Afdeling (Tillæg til Grammatiken). Om Sprogarternes indbyrdes Forhold» gjev Aasen ei systematisk inndeling av målføra i over- og undergrupper på tre nivå. Han hadde vist at dei norske målføra ikkje var degenererte variantar av det danske skriftmålet, men at det innbyrdes tilhøvet mellom dei var slik at variasjonen kunne avleiast av ei og same rot, nemleg gammalnorsk. Og skilnadene mellom målføra var slik at ein kunne gruppera dei.

Ivar Aasens målføreinndeling

Aasen grupperer målføra på tre nivå: «Rækker», som er inndelte i «Forgreninger», som i sin tur er inndelte i «Sprogarter». Aasens inndeling av norske målføre ser slik ut:

Den nordenfjeldske Række

- a) den nordlandske Forgrening («Denne Forgrening omfatter (som de fleste andre) adskillige Underarter eller Dialekter, men disse ere ikke tilstrækkelig undersøgte, og deres Forskjel skal heller ikke være meget betydelig.»)
- b) den indre trondhjemske Forgrening:
 - 1) Namdalsk, 2) Inderøisk eller Værdalsk, 3) Ørkedalsk [Orkdal]
- c) den yttre trondhjemske Forgrening:
 - 1) Fosensk, 2) Nordmørsk, 3) Romsdalsk

Den vestenfjeldske Række

- a) den nordre bergenske Forgrening:
 - 1) Søndmørsk, 2) Fjordefylkisk eller Fjordemaalet [Nordfjord og Sunnfjord]
- b) den søndre bergenske Forgrening:
 - 1) Sognsk, 2) Nordhordlehnsk, 3) Vossisk og Hardangersk
- c) den stavangerske Forgrening:
 - 1) Søndhordlehnsk, 2) Ryfylkisk, 3) Jædersk

Den østenfjeldske Række

- a) Sprogarterne i Raabygdelaget [Agder] og Tellemarken:
 - 1) Sætersdalsk,
 - 2) Østre Raabygdelagets Sprogart,
 - 3) Tellemarken («Tellemarkens Dialekt deler sig i flere Arter ...»)
- b) den vestre oplandske Forgrening:
 - 1) Hallingdalsk og Valdærsk,
 - 2) Gulbrandsdalsk
- c) den østre oplandske Forgrening:
 - 1) Hedemarkisk, 2) Østerdalsk

Om austlandsmåla elles skriv han: «De øvrige Sprogarter i det Søndelfjeldske synes i det Hele at nærme sig langt mere til det moderne Talesprog, der bruges i Byerne og kan betragtes som et Mellemed imellem det egentlige Folkesprog og Skriftsproget.»

Ivar Aasen var pioneren

Aasen var ikkje fyrst og fremst målføregranskar. Målføregranskinga var ein naudsynt del av førebuinga til hovudprosjektet hans, skriftfestinga av det norske målet. Når det nye, norske skriftmålet var lansert, skreiv han dikt og skodespel på det for å syna at det var dugande som litteraturmål. Men han var heller ikkje fyrst og fremst diktar.

Aasens inndeling av målføra, særleg på «Række»-nivå, har ikkje vorte ståande ved lag i ettertid. Men Aasen var den fyrste som gjorde noko slikt. Seinare på 1800-talet skulle særleg Hans Ross og Amund B. Larsen arbeida vidare med å kartleggja dei norske målføra. Aasen er slett ikkje den fremste målføregranskaren me har hatt i Noreg, men han var pioneren som gav andre eit grunnlag å byggja vidare på.

.....
Kjetil Aasen er rådgjevar i Språkrådet.



Aasen på alle kanter

■ ERLEND LØNNUM

Ivar Aasen har sannelig satt sine spor, både i forskermiljøet, oljebransjen, geografien og effektmakeriet.

Folk flest har et eget tun der alt handler om Aasen. Fagfolk har et institutt og en hage oppkalt etter ham. Regjeringen har satt språkforskerens navn på et helt oljefelt. Til vanns finner vi også bilfergen «Ivar Aasen». Veikartet er fullt av Aasen-navn. Og dikterens signatur og fyndord er forevige på alt fra boksershortser til lysestaker. Det er altså ingenting å si på jubilentens popularitet.

Oljefelt

I fjor høst ble et olje- og gassfunn døpt Ivar Aasen-feltet. – Oljefelt bør ha navn som gjenspeiler deres betydning for norsk fellesskap og fremtid, sa olje- og energiminister Ola Borten Moe.

Feltene blir heretter oppkalt etter viktige historiske personer og får såkalte memorialnavn, som Gina Krog, Aasta Hansteen og Edvard Grieg.

Fagfelt og foreningsliv

Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda ligger

der Aasen ble født og vokste opp. Tunet huser Nynorsk kultursentrum og «gir deg gode opplevingar og undrande ettertankar om språk, litteratur og arkitektur». Ivar Aasen-instituttet for språk og litteratur er et forskingssenter for skriftkultur ved Høgskulen i Volda. Og Universitetet i Oslo har kalt opp et grøntområde etter den store dikteren. Ivar Aasens hage med Aasen-byste ligger mellom høyblokkene ved Det humanistiske fakultet på Blindern.

Aasen har òg lånt navnet sitt til foreninger som Ungdomslaget Ivar Aasen i Ålesund, Ivar Aasen-selskapet og Ivar Aasen-sambandet, som «ynskjer å atterreisa eit norskrott skriftmål som kann vara lengje i landet».

Aasen på kartet

På gateplan florerer det av Aasen-eponymer. Hønefoss, Elverum, Kongsberg, Lørenskog, Moss, Namsos, Oslo, Skedsmo, Stavanger, Tromsø, Trond-

heim og Årdal har satt Ivar Aasens vei/veg på sine kart, mens Bergen, Gjøvik, Hamar, Haugesund, Kristiansund, Notodden, Skien og Ålesund har valgt Ivar Aasens gate. I tillegg finnes Ivar Aasengata i Ørsta, der det også er mulig å ta inn på Hotell Ivar Aasen.

Aasen-effekter

Av det mer kuriøse og kommersielle slaget er tekstiler, suvenirer og effekter. Om Aasen-bokseren skriver Aasen-tunet: «Hausten 1842 la Ivar Aasen ut på den første av dei mange og lange reisene sine som førte han gjennom store delar av Noreg. Då skreiv han ned kva han hadde med seg heimanfrå, mellom

anna *Underbuxe 1.*» Dessuten bærer T-skjorter, trusetrøyer og topper Aasens navn.

Til salgs er også et sitteunderlag med følgende Aasen-sitat: «Han lyt sitja på det same / kongen som me.» Videre tilbys kopper og krus, smykker og jakkenåler, penner og bokstøtter, sekker og handlenett – alle til minne om Aasen. Det fantes sågar en Aasen-almanakk, men den har nå gått ut på dato. Til gjengjeld kan vi laste ned en app på smarttelefonen med dagens Aasen-sitat. Ivar Aasen lever med andre ord i beste velgående.

Aasen rett i lomma

Med den elektroniske almanakken *Dagens Aasen-ord* når Ivar Aasen høyteknologiske høyder. Eller for å si det med Aasen: «Det som er nytt, er mest etter-lydt.»


Applikasjonen *Dagens Aasen-ord* bringer på hver av årets dager et sitat fra *Norske Ordsprog*, som er det største folkeminnearbeidet Aasen gav ut. Appen er gratis i bruk og er laget for smarttelefoner og lesebrett.

En daglig dose Aasen

Ivar Aasen-almanakken på papir ble gitt ut for første gang i 1996, da det var 100 år siden Aasen døde, og for siste gang i 2011. I anledning av 200-årsjubileet for Aasens fødsel har almanakken gjenoppstått i elektronisk form, med daglige sitater året rundt, markering av de viktigste merkedagene og noen korte omtaler. Et godt eksempel er Aasen-ordtaket som man kunne

lese på telefonen på kvinnedagen 8. mars: «Manns Vilje er ingen Lands-rett.»

– Ordtakene har den originale formen fra 1881-utgaven. Slik er både den poetiske og estetiske kraften tatt vare på, samtidig som de hverdagsnære uttrykkene er lett tilgjengelige, sier Dagfinn Worren, hovedredaktør for *Norsk Ordbok 2014* ved Universitetet i Oslo og redaktør for *Dagens Aasen-ord* og *Ivar Aasen-almanakken*.



.....
Erlend Lønnum er rådgiver i Språkrådet.

INGER JOHANNE SÆTERBAKK,
prosjektleder for Språkåret 2013



Ivar og eg

Eg har aldri hatt plakatt av Ivar Aasen på rommet mitt. Men eg synest likevel han er ei superstjerne.

Eg var i ein periode av livet mitt svært opptatt av Ivar Aasen. Ikkje primært av den litt lute, gråhåra og kjederøykande mannen med eit noko miserabelt kjærleiksliv, men av prosjektet hans. Av at han gjekk rundt i landet og samla dialektar til eit eige skriftspråk. Det var eg så utruleg imponert over.

Det begynte med eit skuleprosjekt då eg var 15. Året var 1996, og vi skulle skrive sær oppgåve om ein norsk forfattar. Eg visste ikkje heilt kven eg skulle velje, før eg fann ut at det var Aasen-år. Det var 100 år sidan ein fyr som heitte Ivar Aasen, døydde. Eg hadde ikkje høyrte om han før, trass i at eg kjem frå ein heim tapetsert med bøker og ymse talemål. Men vi skreiv bokmål fordi det er det dei gjer der eg kjem ifrå. Og på skulen skulle vi ikkje begynne med sidemålsundervisning før etter at sær oppgåva var levert.

Eg fann snart ut at forfattarskapen hans ikkje var det mest imponerende med Aasen. Han hadde jo laga eit språk, for svarte. Ikkje akkurat dagleg kost. Eg fann også ut at eg ikkje kunne skrive oppgåva på bokmål. Læraren min lånte meg ei nynorsk ordliste, ei av dei mange som var tilført *sp* og *m* på framsida. Og så sette eg i gang med prosjektet.

Den nynorske skriftkulturen vart nok ikkje så mykje rikare av mitt første bidrag. Men det vekte ein enorm

fascinasjon hos meg. Eg voks opp i Trøndelag med ein nordnorsk dialekt som eg nekta å kvitte meg med, og kjente meg som ein liten motkultur i meg sjølv. Dialekten var ein viktig identitetsmarkør for meg, og nynorsk forsterka det heile.

Det heitte ikkje *jeg* då lenger. Derifrå heitte det *eg*.

Det begynte som eit prosjekt som var politisk og kulturelt motivert. Eg skreiv nynorsk mykje av den grunn at det var noko anna enn bokmål. Og bokmål var jo det alle andre skreiv. For meg var det eit poeng å skilje seg ut språkleg. Eg skreiv ikkje så godt i starten. Men så begynte eg å skrive sånn som eg snakka. Det var jo det eg likte så godt med nynorsk i utgangspunktet. At dette var eit språk basert på dei norske dialektane, og at eg kunne kjenne att lydane og orda frå dei dialektane eg omgav meg med, når eg las og skreiv nynorsk.

No skriv eg nynorsk fordi det er på det skriftspråket eg er mest meg sjølv. Og eg har mykje å takke Ivar Aasen og hans språklege prosjekt for. Ikkje berre for at eg personleg har eit skriftspråk eg liker. Men også for at han har sett standarden for språkleg mangfald i Noreg. Vi bur i eit land med høg toleranse for språklege forskjellar, der vi kan snakke og skrive som oss sjølv, uansett samanheng. Og der vi er opne for nye språk og nye variantar av språk.

Det gjer Ivar Aasen til ei superstjerne for meg også i dag.

Originale Aasen

■ KRISTOFFER KRUKEN

I åra 1996–2003 vart *Det norske Folkesprogs Grammatik, Norsk Navnebog* og begge ordbøkene til Ivar Aasen utgjevne på nytt med nøyaktig tekst og fylldige innleiingar om bøkene, tilblivingshistoria og redigeringsprinsippa.

Ordbog over det norske Folkesprog

Boka kom ut i 1850 og var ei frukt av samleferdene til Aasen i 1840-åra. Ordboka er ein grunnstein for norsk dialektologi og leksikografi og for det spirande nynorske skriftmålet midt på 1800-talet. Boka gjer deskriptivt greie for ord, former, tydingar og bruk, og for kvar i landet orda fanst. I over tjue år var boka den sjølsagde kjelda for alle som trong opplysningar om norske ord og dialektar, mellom dei P.A. Munch, Oluf Rygh, Johan Fritzner, Sophus Bugge og Eilert Sundt. Den faghistoriske verdien er udiskutabel, men da Aasen seinare gav ut *Norsk Ordbog* (1873), kom den første ordboka i skuggen. Ho vart aldri opptrykt og har lenge vore uråd å få tak i.

Desse arbeida sette oss på tanken om at 1850-ordboka òg burde koma på nytt, både for eigenverdien og for den viktige plassen ho har i faghistoria. Utgåva låg føre til 150-årsjubileet i 2000.

Hovudskilnaden mellom 1850-utgåva og 2000-utgåva er endring i skrifttype. Aasen brukte den gotiske typen fraktur, som folk var vande med. Oppslagsformer og nokre ord elles står i varianten schwabacher. Denne skrifta er tjukkare enn fraktur og tener som halvfeit. Den latinske skrifttypen antikva er avgrensa til ord frå norrønt, islandsk, latin og visse andre språk etter regelen den tida. Alternativet var å bruke antikva overalt, men det gjekk Aasen imot, ikkje berre fordi skrifttypen var lite kjend, men òg fordi an-

«Ordboka er ein grunnstein for norsk dialektologi og leksikografi og for det nynorske skriftmålet.»

Grammatikken vart utgjeven av Terje Aarset, Høgskulen i Volda, i 1996. Året etter kom ei ny utgåve av *Norsk Navnebog* ved Aarset og underskrivne.

tikvaen med sin einslaga stil var farleg for augo! I dag er berre antikva aktuelt.

Frakturskrifta hadde ikkje kursiv. Særskild avmerking vart gjord med

«Aasen gjekk imot å bruke antikva overalt fordi skrifttypen var lite kjend og med sin einslaga stil farleg for augo!»

halvfeit (her schwabacher), sperra trykk eller hermeteikn. 1850-ordboka bruker alle, men ikkje regelfast. Dialektformer vekslar såleis mellom halvfeit, sperring og hermeteikn utan tydeleg system. Ei ny utgåve kunne ha følgd originalen slavisk, men vi fann det fagleg og pedagogisk best å gje like opplysningar, til dømes bøyingsformer eller uttalevarianter, same grafiske drakt.

Halvfeit bruker vi i oppslagsformer og i sjølvstendige ord inne i artiklane, som *Naustlæm* under *Naust*. Mange av desse orda har både grammatisk avmerking, tyding og til dels heimfesting og kjem sakleg på line med oppslagsorda. Sperring er endra til kursiv ved orddøme og sløyfa ved tyding, men står elles ved lag. Restfunksjonen er mest emfatisk. Hermeteikn er oftast endra til kursiv ved orddøme, men til halvfeit ved ordstatus, som *Dyragaupa* under *Gaupa*. Alt tilfang elles er sett i kursiv. Det gjeld lydar, bøyingsformer, dialektuttale, bruksdøme og ord frå norrønt og andre språk. Kursiv blir dermed det vanlegaste typografiske trekket, og halvfeit i variantar og ord-døme er det som blir mest redusert frå førsteutgåva.

Trykkfeil og misvisande teikn er retta, men elles følgjer vi originalen bokstavgrant. Målet er at brukarane skal få alle opplysningar nøyaktig slik Aasen forma dei. Rettingar og tillegg bakast i boka er flytta til alfabetisk plass og merkte med skrårstrekk. Det gjev betre samanheng i stoffet.

Avmerkinga i halvfeit viser at ordboka inneheld 25 000 ord. Eit interessant moment kom utilsikta for dagen.

Alternative skrivemåtar av oppslagsformene viser nemleg at Aasen hadde ei landsnorm nesten klar, men ut frå det deskriptive siktet prioriterte han dialektane framfor normerte former.

Norsk Ordbog

Neste utgjeving for Aarset og meg måtte bli *Norsk Ordbog* frå 1873. Boka vart opptrykt i 1900, 1918, 1977 og 1983 og er framleis å få antikvarisk, men skrifttypen fraktur gjer opptrykka slit-same å bruke utan særskild skoloring. Denne boka er ei *normert* ordbok, med oppslagsord, bøyingsformer og mange bruksdøme i den landsnormalen Aasen da hadde etablert. Omframt dialektstoffet tok han no med nokre litterære ord for å vise normalmålet i praksis. Boka sette frukter utan sidestykke både vitskapleg og allment for norsk språk, og ho er framleis standardverket for den delen av alfabetet som *Norsk Ordbok* (1966–) ikkje har nådd til. 1873-ordboka følgjer stort sett 1850-ordboka typografisk, men har oftare hermeteikn ved dialektformer, og ein enda viktigare skilnad heng saman med det normative siktet: Døme i normert landsmål er sette med minska fraktur (petit), unormerte døme ikkje.

Vår utgåve er redigert etter dei same prinsippa som nyutgåva av 1850-ordboka. Skrifttypen er antikva, oppslagsord og andre sjølvstendige ord står i halvfeit og alt språktilfang elles i kursiv. Vi sløyfa petit i landsmålsdøma for å lette bruken. Dermed gjekk skilnaden mellom normert og unormert tilfang tapt, men dei normerte formene står òg som oppslagsord i halvfeit, slik at

ein likevel utan vanske kan skilje mellom landsmål og dialekt i døma. Ordtydingar og andre forklaringar står her som i 1850-ordboka på dansk utan eiga avmerking. Det inneber at alt norsk ordstoff, både det normerte og det unormerte, står med halvfeit eller kursiv, eller i sjeldnare fall med opphavlege hermeteikn.

Stavemåtar og teiknsetjing er retta etter Aasens egne normer i ordboka. Det er flest avvik i teiknbruken, færre i ortografien. Opplysningane i «Tillæg og Rettelser» er flytta til alfabetisk plass. Grunnstammen av ord i 1873-ordboka

alfabetiske lister: først 600 norske namn, så om lag 80 namn «fra de nærmeste Lande» (germansk og keltisk) og til sist like mange «fra Sydlandene og Østerlandene» (romansk og klassisk). Variantar står under grunnforma, til dømes *Jan, Jens, Johan, Jon* og *Hans* under *Johannes*. I realiteten er tilfanget i listene derfor langt større enn talet på oppslag tilseier. Dessutan nemner Aasen ei mengd namn i teksten utanom listene. Det gjeld mellom anna avleiingar på *-ina* og *-etta* og kortformer som *Gina* og *Lina*. Aasen mislikte desse namna og nekta dei med vilje ein syn-

«Aasen skreiv to skilsetjande artiklar om fornamn og er ein portalfigur i norsk personnamngransking.»

skriv seg frå den første ordboka, men Aasen hadde i mellomtida fått inn enda meir frå dialektane, og med det littærare tilfanget attåt auka talet på ord frå 25 000 i 1850 til 45 000 i 1873. Stoffmengda voks prosentvis litt mindre fordi dei nye orda ofte trong lite forklaring og hadde færre bruksdøme.

Norsk Navnebog

Namneboka kom i 1878 og var eit av dei siste verka Aasen fekk utgjeve sjølv. Boka vart opptrykt i 1912 og 1996 og kom i faksimile i 1980. Aasen skreiv to skilsetjande artiklar om fornamn alt i 1854–55, og han er saman med P.A. Munch portalfiguren i norsk personnamngransking. Namneboka nådde lengst og har usliteleg verdi den dag i dag. Teksten er mindre og typografisk enklare enn i ordbøkene. Skriftypen er som elles fraktur, også i namn frå framande språk. Oppslagsformene har schwabacher. Tilfanget er delt på tre

leg alfabetisk plass. I staden talar han varmt for nylaga namn på norrøn grunn, som *Herfinn* og *Ingveig*. Mange av dei har seinare kome i bruk, stundom direkte etter namneboka.

Utgåva ved Aarset og meg (1997) er redigert etter dei same prinsippa som ordbøkene, men vi har i tillegg laga eit fellesregister til heile boka. Det inneheld 3200 namn og viser kor rikt stoffet eigentleg er. Kartlegginga av lokal namnebruk var ein milestein i si tid og er framleis svært nyttig. I dei alfabetiske listene utgjer kvinnenamna 30 prosent, men i fellesregisteret 40 prosent. Skilnaden kjem av at kvinnenamna hadde flest avleiingar og kortformer og størst rom for nylaging fordi leddvariasjon frå gammalt var mindre utnytta der enn i mannsnamna.

.....
Kristoffer Kruken er professor i namnegransking ved Universitetet i Oslo.

Aasens målbunad

■ LARS S. VIKØR

Ivar Aasens *Norsk Maalbunad* blir rekna som den første norske tesaurus, ei ordbok som ikkje er organisert etter alfabetet, men etter tyding, gruppert i ein struktur av overordna og underordna omgrep.

Aasen hadde *Norsk Maalbunad* (heretter NMB) ferdig i manuskript i 1876, tre år etter at *Norsk Ordbog med dansk Forklaring* kom ut. Manuset var berre førebels; Aasen vurderte å bearbeide det for trykking, men kom aldri så langt. NMB vart derfor liggande i papira hans, og først gitt ut etter Aasens etterlatne manuskript av Sigurd Kolsrud i 1925. Pionerverket og den internasjonale klassikaren på dette feltet er Peter Mark Roget sin *Thesaurus of English Words and Phrases* frå 1852, eit verk Aasen kjente til og brukte i arbeidet sitt.

Fire klasser

NMB omfattar knapt 40 000 ord. Den er hierarkisk oppbygd; termene for dei ulike nivåa er mine. På det høgaste nivået har vi fire *klasser*. Dei er delt inn i *seksjonar*, til saman 30. Seksjonane er gruppert i *artiklar*, til saman 315, og der finn vi da enkeltorda lista opp, av og til under enda finare grupperingar.

Først kjem klasse A, *Frumverket*, det vil seie det opphavlege skaparverket. Her finn vi seksjonane Land (topografi, landskap), Vatn, Luft (vêr), Jordfang (geologiske forhold), Vokster (planter), Dyr, Mann (menneske), Likam (anatomi) og Ande (religion og overtru), altså ni seksjonar. Så kjem

klasse B, *Emne*, altså stoff, materie, som også omfattar kvalitetar (liksskapar og skilnader), kvantitetar, former og eigenskapar, inklusiv sanseintrykk. Klasse C, *Umstøda*, betyr omstendigheter, som omfattar tid, stad, situasjon, rørsler, hendingar og tilstandar. Til slutt kjem klasse D, *Mannsfora*, som må bety menneskeleg åtferd, og som mellom anna omfattar vit, tanke og tru, vilje, kommunikasjon, arbeid og kunst, bygging, hus, reiskapar, eigedomar og samkvem og samfunn. Som ein ser, er dette ein ganske gjennomtenkt systematikk, med ei hovudline i retning frå det konkrete til det abstrakte og frå natur til menneske og samfunn.

NMB blir avslutta med to forholdsvis korte alfabetiske register, eitt med norske oppslag, altså på Aasens landsmålsnormal, og eitt større med danske oppslag, med tilvisingar til hovuddelen. Det var med tanke på at eit meir moderne omgrepsapparat og ordtilfang måtte ha eit utgangspunkt i dansk, som var det språket folk i Aasens samtid var utdanna på. Norsk, altså dialektane, var lite brukt utanom primærnæringane, og det prega naturleg nok ordtilfanget i dei, både dei sterke sidene og manglane. Mykje tyder på at NMB ikkje minst var sett opp med tanke på ei planlagt dansk-norsk ordbok,

- «Norsk Maalbunad var sett opp som eit hjelpemiddel
- i arbeidet med å finne gode synonym til det moderne ordtilfanget i dansk.»

som eit hjelpemiddel i arbeidet med å finne (og ofte lage) gode synonym til det moderne ordtilfanget i dansk. Denne ordboka laga Aasen eit førsteutkast til, men lenger enn det kom han ikkje. Det er sett fram fleire forklaringsar på at det ikkje vart noko meir av desse prosjekta, men eg vil nok halde på den enklaste: at kapasiteten og krefte minka så mykje i syttiårsalderen at han sjølv innsåg at han ikkje makta slike svære prosjekt lenger.

Ord om land

For å vise meir konkret korleis NMB er bygd opp, gir eg her eit døme på ein artikkel, og da vel eg den aller første i verket, Land. Her kan det forvirre at Aasen kunne bruke same tittel på seksjonar og tilhøyrande artiklar. Eg nemnde over at klassa Frumverket vart innleidd av seksjonen Land, og den blir innleidd av ein artikkel som også heiter Land. Deretter kjem artiklane Landsbolk (geografiske einingar), Grunn (typar av jordsmonn o.l.), Leite (visuelle profilar i landskap), Høgder, Dypter osv. Her tar eg da berre med den aller første artikkelen:

1. Land.

- a) *samfengt*. – Berg. Bygd. Dal. Fastland. Fjell. Grunn. Heim. Holm. Jord. Land. Landjord. Lende.

Mark. Nes. Rike. Skage. Strand. Uppland. Vidaatta. Øy. Øyland. – Verd(i).

- b) *serlege*. – Austland. Nordland. Vestland etc. – Utland. Norig. Sverige. Danmark. Holland. Engelland.
- c) *etter Bunad*. – Buland. Bygdarlag. Fødebygd, Fødeland. Grannbygd, -lag, -land. Grend. Grendarlag. Heimbygd, -land. Nybygd. Storbygd. Umkverv. Øydeland, -mark.
- d) *etter Tillægje*. – Avbygd. Avdal. Bergland. Fjellbygd. Fjordbygd. Havland. Høgland. Innland. Jadar. Laagland. Midland. Sjøland, -bygd. Tverdal, -fjord. Utbygd.
- e) *etter Lag*. – Aldeland. Baleland. Berrsnøyda. Farlende. Fiskeland. Forland. Frostland. Grasland. Grjonbygd. Høyland. Kornbygd, -land. Markland. Matland. Myrlende. Skogbygd, -land. Uland. Vaalende.



I ordbokkapitlet om *Frumverket* (skaparverket) tok Ivar Aasen med *Heim* i tydinga 'verda, jorda'. Foto: NASA

- «Ein bør ta fram att *Norsk Maalbunad* for å vurdere om ein kan bygge opp ein modernisert omgrepsstruktur for det noverande ordtilfanget i norsk.»

Aasen deler altså artikkelen i fem undergrupper:

a) *samfengt* betyr 'felles', det er dei grunnleggande termene som også er overbegrep, ordna alfabetisk, som vi ser. Dei fleste orda er fellesskandinaviske. Ordet *Heim* betyr her 'verda, jorda', som i norrønt. Han nemner òg *Verd(i)* særskilt til slutt.

b) *serlege* går ut på at det her er snakk om proprium, namn på spesielle område i motsetnad til andre. Her grupperer han ikkje alfabetisk, men etter innhaldskriterium.

c) *etter Bunad*: *Bunad* betyr i dag folkedrakt, men hadde for Aasen ei langt vidare tyding, knytt til verbet *bu*, som både betydde 'bu' og 'bygge'; vi ville i dag skrive *busetjing* for Aasens *Bunad* her.

d) *etter Tillægje* betyr om lag 'etter plassering i landskapet'. I *Norsk Ordbog* (1873) står ikkje ordet *Tillægje*, så det har Aasen laga. (*Norsk Ordbog* består av ord Aasen fann i dialektane, men i NMB finst det mange ord Aasen laga for å supplere språket med nye omgrep.)

e) *etter Lag*: *Lag* er eit svært mangtydig ord, men kan her truleg tolkast som 'etter eigenskapar', sett ifrå gardbrukarens synspunkt. Enkeltorda her gir anten opp type produkt som landet eignar seg til: *Alde* tyder 'frukt', og *Fiske-land*, *Grasland*, *Høyland*, *Kornbygd*, *Kornland* forklarar seg sjølv. Eller han gir opp naturtype: *Berrsnøyda* 'skoglaus mark', *Farlende* truleg 'lende som det ikkje er for vanskeleg å reise i', *Myrlende*, *Skogbygd*, *Skogland*. Somme av orda har ikkje danske ekvivalentar, så Aasen må forklare dei omstendeleg i *Norsk Ordbog*: *Baleland*, til verbet *bala*

'streve, slite', er «en Kyst som er vanskelig at komme til i Stormveir», *Forland* er «en Strand hvor det er vanskelig at lande; en Havkyst uden Indløb eller Bugter», *Matland* er «et Land eller Sted med hensyn til Fødemidler: *Eit godt Matland*», og *Uland*, som er noko anna enn *u-land* i dag, er «et uehdeligt Land for Ferdsel og Ophold; en farlig Kyst, en Strand uden Landingssteder o.s.v.».

Manglar moderne tesaurus

Slik er NMB oppbygd på detaljplanet, og det er ikkje råd å gå meir inn på det her, for det er eit kjempeverk som ikkje er særleg lett tilgjengeleg for ein moderne lesar. Dei som ønskjer å grave djupare i dette, viser eg til ein artikkel eg hadde i årsskriftet *LexicoNordica* 18 (2011), der eg går inn på fleire aspekt og gir fleire døme og meir utførelse forklaringsar og drøftingar enn det er høve til her.

Ein dekkande tesaurus for moderne norsk, med ei god og gjennomtenkt organisering av ordmaterialet, manglar vi framleis. Det finst rett nok ein tesaurus for bokmål: *Ord og begreper. Norsk tesaurus* av Johan Hammond Rosbach (2001), men den har ikkje ein systematikk som kan måle seg med Aasens. Det kunne såleis vere ein god idé å ta fram att *Norsk Maalbunad*, ikkje for å gjenutgi eller kopiere denne boka, men for å vurdere om ein ut frå den systematiske grunnstrukturen Aasen laga, kunne bygge opp ein modernisert omgrepsstruktur som ein kunne sette det noverande ordtilfanget i bokmål, nynorsk eller begge inn i.

.....

Lars S. Vikør er professor i norsk språkvitskap ved Universitetet i Oslo og ein av hovudredaktørane for *Norsk Ordbok* 2014.

OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet. Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal være i bruk i alle deler av samfunnslivet også i fremtiden – og ikke bli tilsidesatt av engelsk. Vi vil gi det offentlige, næringslivet og folk flest tro på at norsk språk duger, og arbeider for å øke kunnskapen om norsk språk.

Dette gjør Språkrådet for å styrke det norske språkets stilling:

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonene våre om god og rett norsk.
- Vi svarer på om lag 10 000 språkspørsmål på e-post og telefon i året.
- Vi arrangerer konferansen Språkdagen hvert år for å skape debatt om aktuelle utfordringer for norsk språk.
- Vi har en språktjeneste for statsorganer som gir råd til statsansatte om hvordan de kan skrive klart og godt og få en jevnere fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi har en terminologitjeneste som samordner utvikling og tilgjengeliggjøring av norsk terminologi og fremmer bruken av norsk fagspråk.
- Vi har en tilsynstjeneste som følger med på om statsorganene følger kravene til fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi informerer om norsk tegnspråk og samarbeider med aktører på feltet.
- Vi har et utvidet ansvar for nasjonale minoritetsspråk og nyere minoritetsspråk, og vi samarbeider med språkbrukergruppene.
- Vi har en stedsnavntjeneste som gir råd om hvordan stedsnavn skal skrives på kart og veiskilt.
- Vi arbeider for at IKT-produkter skal bygge på norsk tekst og tale, og samordner en datatermgruppe som foreslår nye, norske dataord.
- Vi deler ut Språkprisen for fremragende bruk av bokmål og nynorsk i sakprosa.
- Vi gir diplom til næringsdrivende som har gitt virksomheten et godt, kreativt norsk navn.
- Vi samarbeider med offentlige og private institusjoner om tiltak som styrker bruken av norsk.
- Vi godkjenner ordbøker og ordlister til bruk i skolen.
- Vi forvalter rettskrivningen i nynorsk og bokmål og følger med på hvordan språket utvikler seg.

Direktøren i Språkrådet er leder for 33 ansatte. Styret i Språkrådet er utnevnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd som er referansegrupper med språkkyndige og språkengasjerte personer fra hele samfunnet. Fagrådene gir innspill og råd om saker på sine fagfelter.

SPRÅKRÅDET
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50
TELEFAKS: 22 54 19 51

ANSVARLIG REDAKTØR:
Arnfinn Muruvik Vonen

INFORMASJONSSJEF:
Svein Arne Orvik

REDAKTØRER:
Erlend Lønnum
erlend.lonnum@sprakradet.no

Åsta Norheim
asta.norheim@sprakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@sprakradet.no

Signerte artikler fra
eksterne skribenter står
for forfatterens syn.

Ettertrykk tillatt når kilden
er oppgitt.

OPPLAG: 13 000
Tekstene i dette nummeret
fins også på Internett:
www.spraakradet.no



Fire nummer i året
Redaksjonen avsluttet
26.04.2013

LAYOUT: Beate Syversen
beate@b-7.no
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

Forsideillustrasjon: Portretter
fra Norsk Folkemuseum og
Norsk Teknisk Museum, signatur
fra Ivar Aasen-tunet

Baksideillustrasjon: G. Brown Goode
og Tarleton H. Bean / Wikimedia



HISTORIA BAK

KVEITE OG KVEITE KAN OGSÅ HEITA KVEITE OG HVETE

Fiskenemninga *ei kveite* er den same på bokmål og nynorsk. Den norrøne forma må ha vori *hveiti*. *Kveite* er avleidd av det norrøne adjektivet *hvítr*, for kveitekjøtet er jo kvitt.

Kveite heiter *halibut*, *flunder* og *fluke* på engelsk og *Heilbutt* og *Halibutt* på tysk (Butt tyder 'flyndre'). *Heil-* og *hali-* har å gjera med det som er heilag. Det har òg vårt ord *hellefisk*, islandsk *heilagfiski* og norrønt *heilagr fiskr*, 'heilag fisk'.

Norrønt hadde også eit inkjekjønnsord *hveiti*, kornslaget 'kveite', som på moderne norsk er eit hankjønnsord, *ein kveite*. Andre norrøne ord som *hveiti-akr*, *hveiti-ax*, *hveiti-braud*, *hveiti-korn* og *hveiti-mjøl* fanst òg.

Også substantivet *hveiti* er avleidd av adjektivet *kvit*, som på norrønt heitte *hvítr*, for kveitemjøl er jo kvitt. På bokmål kan både kornslaget og mjølet heite *hvete*. Den danske forma *hvede* kan ha spela ei rolle her, for svært mykje brødkorn kom til Noreg frå Danmark.

Svein Nestor, cand.philol.

RETURADRESSE:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

ISSN 0333-3825